

INFORMASJON

HYRDINGRØYSTA

NR. 2/2025

JUNI

Grunnlagt 1938

86. årgang

A photograph of a flowering tree, likely a Malus or Apple tree, in full bloom with white and pink blossoms. The tree is situated in a grassy field with a dense forest in the background. The tree's trunk is supported by a wooden stake and a wire. The overall scene is bright and sunny, with green foliage and a clear blue sky.

*«Kvar dag kom med nye under
umerkande mest å sjå:
ei sløring av gylne knoppar
og bryddande, mjuke strå»*

Frå redaksjonen



Foto: Hildegunn Huus

Frå vinter og vår til sommar

Vi har lagt bak oss ein kort vinter med få vanskelege snø dagar, men heller litt fuktige. Sjølv om vinteren ikkje sette oss på dei store prøver, med snørydding heime eller ved kyrkjene, eller i arbeid på kyrkjegardane, ser ein fram til våren med forventningar, og endå meir ser ein fram til lang, lys sommar.

Våren har vel ikkje skuffa oss. Det var litt vått i periodar, men så har vi hatt ein mai månad med gode høve til å nyte utelivet til om lag kva det skulle vere. For dei som har hatt festdagar, har ein kunna nyte sola mellom måltid og andre gjeremål. Og for fjellentusiastar som ikkje er dei store skiløparane, har det vore mogeleg å nytte fjellet utan ski frå omlag nyttår. For dei som likar å stå på ski, har det nok vorte litt vanskelegare.

Så ein kan bruke ei strofe frå ein song som har vorte brukt mykje: «Til lags åt alle kan ingen gjere» (Ikkje ein gong Vårherre.)

Mange legg om våren grunnlag for det ein skal hauste og kan hende leve av det kommande året, eller legg grunnlag for den fine hagen ein vil oppleve gjennom sommaren.

Oppløvingar i hagen kan vere så mykje. Nokre lar fuglar og dyr og andre kryp styre hagen, og kosar seg med å sjå på det yrande livet. Dei ser det som mindre nødvendig at plenen skal vere heilt perfekt. Men ein perfekt plen er nødvendig for mange, og det står stor respekt av det arbeidet som vert lagt ned.

Vi kan vel ikkje kalle kyrkjegarden heilt for plen, men det er i alle fall mange som tykkjer det veldig fint å gå på kyrkjegarden når den er fint slått og rydda. Og der kjem òg vatning inn; det er naturleg at dei som ynskjer å plante og ha det fint på gravene ynskjer at det skal bli vatna, slik at blomane dei set på grava blir ståande som prydnad lenge.

Ein som meg «teke seg kvar vår vatn over hovudet». Lagar ein stor kjøkkenhage som ein trur gjer seg sjølv gjennom heile sommaren, og plantar meir enn nødvendig. Sjølv om ein kvar sommar opplever at det er vanskeleg å nå over eller stelle alt på beste vis, er slike entusiastar umogleg å kurere. Nytt år, nye mogelegheiter. Her passar uttrykket «Dreg eg den, så dreg eg den...»

Med det arbeidet som blir gjort i kyrkje og kristenliv, tek ein seg ikkje berre vatn over hovudet, ein får det bokstaveleg tala «aust over hovudet» i periodar. Med det meiner eg at det er så mange ting ein bør gjere og skal gjere for å rekke flest mogleg sine ynskje. Då er det faktisk godt å tenke på at vi er mange i same situasjon, som må prøve å tilpasse oss dei situasjonane vi er i, og gjerne dra meir i lag.

Så ser vi fram til ein sommar med håp om at ein eller annan prest vil komme til Jølster.

God Sommar!

KYRKJA I JØLSTER

KYRKJEKONTORET

☎ 57 82 81 80

Ope tysdag 9-15: Tilsette kan treffast etter avtale også resten av veka.

post.jolster@sunnfjordkyrkja.no

www.kyrkja.no

www.facebook.com/kyrkeneijolster

HOVUDKONTORET I FØRDE

☎ 57 82 81 80

epost: sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

Sunnfjord kyrkjelege fellesråd:

Nils Gjerland, leiar ☎ 950 74 007

Ålhus sokn:

Annette Slåtten ☎ 971 21 363

Helgheim sokn:

Hildegunn Huus ☎ 417 58 462

Fungerande sokneprest

1. nov. 24 – 31. mai 25

Geir Sørebo ☎ 957 29 172

epost: god-s@online.no

Kantor

Rune Molvik ☎ 991 27 430

epost: rune.molvik@sunnfjordkyrkja.no

Kontortid tysdag kl. 9-15

Kyrkjelydspedagog

Silje Sørebo ☎ 473 99 492

epost: silje.sorebo@sunnfjordkyrkja.no

Trusopplærar: Gerd Sunde Førde

epost: gerd.forde@sunnfjordkyrkja.no

Sekretær Toril Øye

Kontortid tysdag kl. 9-15

epost: post.jolster@sunnfjordkyrkja.no

Kyrkjeveerje Sissel Vartdal

☎ 489 91 257

epost: sissel.vartdal@sunnfjordkyrkja.no

Kontortid etter avtale

Ass. kyrkjeveerje og økonomileiar

Trond Herlø Sund ☎ 489 58 086

epost: trond.herlosund@sunnfjordkyrkja.no

Driftsleiar

Ingvar Vagstad ☎ 911 38 732

epost: ingvar.vagstad@sunnfjordkyrkja.no

Kyrkjegardsarbeidar/driftsleiar

Helge Årdal ☎ 976 49 016

epost: helge.ardal@sunnfjordkyrkja.no

ÅLHUS KYRKJE/VASSENDEN KYRKJESENTER

Kyrkjetenar/reinhald:

Aman Beyene ☎ 998 65 659

Klokkar dugnad etter liste

HELGHEIM KYRKJE

Kyrkjetenar/Klokkar:

Solrunn Dvergsdal og Karen Elise Erikstad

Reinhald: Aman Beyene

Utleigenummer Misjonshuset på Skei

☎ 959 48 849

Utleige Vassenden kyrkjesenter

☎ 971 20 085

HYRDINGRØYSTA



KYRKJEBLAD FOR JØLSTER

ANDAKT

GEIR SØREBØ, fungerande sokneprest

BIBELSKRIFTET SOM IKKJE ER AVSLUTTA

«Men de skal få kraft når Den heilage Ande kjem over dykk, og de skal vera mine vitne i Jerusalem og heile Judea, i Samaria og heilt til enden av jorda» (Apg 1,8)

I Lukas si store forteljing er dette dei siste orda Jesus sa til apostlane før han vart teken opp til himmelen. Vi les desse orda i starten av Apostelgjerningane – dette skriftet som på gresk heiter Prakseis Apostolon. Direkte omsett til norsk: Apostlane sin praksis. Lærerveinane hadde gått i lære hos Jesus. Men så skulle dei ut i praksis. Praksis vil seie å reise rundt omkring, så mykje som dei kunne, for å gjere det kjent alt det som hadde hendt med Jesus. Og vise fram korleis trua på Jesus verkar i praksis. Lukas skriv ned korleis dei gjer dette dei første åra, heilt til Paulus har nådd fram

til hovudstaden i det store imperiet, Roma, og dei siste orda vi høyrer han seier der, er desse: «Så skal de vita at denne Guds frelse er send til folkeslaga. Og dei kjem til å høyra» (Apg 28,28).

I Jølster feirar vi pinse, og mange born vert døypte. Vi har trusopplæring for dei unge, og vi feirar og bed for store konfirmantflokkar. Dette er eit nytt kapittel i det store skriftet om kristen praksis som Lukas begynte å skrive.

Aktiviteten starta for lenge sidan med at trøyttle disiplar vart fylte av Den heilage



Geir Sørebo

ande. Dette var energidrikken som gav dei ny styrke og ny innsikt. Det skjedde om att og om att når stadig nye menneske vart aktive i kyrkjelydane at dei fekk Den heilage Ande si gåve.

Det er fint å sjå kor mange verdifulle medarbeidarar det er i lokalkyrkjelyden i Jølster, heilt frå soknerådsmedlemer til konfirmantforeldre som stiller opp i mange høve. Dei er med på å legge til nye avsnitt i det store skriftet om apostlane sin praksis. Nokre vert kanskje utfordra til nye oppgåver som ein ikkje har erfaring med tidlegare, men Den heilage Ande verkar stadig vekk. Når Den heilage Ande kunne utruste den ulærde og litt grovkorna fiskaren Simon Peter til å bli folketalar, så kan Anden saktens også inspirere ein god jølstring til ei nyttig teneste i kyrkjelyden.

HYRDINGRØYSTA

kjem ut med fire blad i året, og vert sendt til alle husstandar i Jølster som informasjon.

Ein giro på kr 250,- vert sendt ut med bladet ein gong i året. Betalinga er frivillig. Annonsøren støttar bladet med kr 1000,- for fire annonser i fire nummer pr år.

For abonnentar utanom kommunen: kr 350,- pr år. Må tingast. Kontonummer til Hyrdingrøysta: 3703.30.09225.

Bladet slit med økonomien så det er viktig at alle betalar. Alternativet er å legge ned bladet.

BLADSTYRET:

Hildegunn Huus
Ingrid Søyland
epost: hildegso@online.no
soyland.ingrid@gmail.com

Neste utgåve
kjem i september

FRIST

Frist for stoff til
Hyrdingrøysta i 2025:
Haustnr.: 1. september
Julenr.: 20. november

80 år utan krig i Noreg

Desse ára har nok vore av dei fredelegaste nokosinne. Vi som har vakse opp i fredstid, har knapt tenkt på mogleg ufred. No er verda plutseleg usikker.

Tekst: INGRID SØYLAND,
HELGE SÅRHEIM, ARILD BRUFLØT,
SIGRID KVAMMEN

Mange åttande- og syttande-maitalar har teke føre seg verdssituasjonen frå mange vinklar – det er tydeleg at uroa er stor. Det er i slike tider at vi vert mint om og startar å reflektere over kor godt vi har det og kor heldige vi er. Vi treng ei påminning – vi har vorte nokså kravstore i all velstanden vår.

17. mai kom i år med strålende sol, og festkledde folk i alle aldrar samla seg i grender rundt Jølstravatnet. Vi kunne høyre eit stort aldersspenn av talarar, frå tiandeklassingar til pensjonistar, som alle hadde det til felles at dei ikkje hadde opplevd krigen, men gav uttrykk for den usikre tida vi lever i. Dei tok òg føre seg lokale saker, og syner slik at folk i stor grad er opptekne av dei same sakene trass i stort spenn i alder.

Her følgjer eit attersyn til fredsdagane 1945, fortalt av Helge Sårheim og Arild Bruflåt. Det syner den store gleda dei opplevde då, unge og gamle:

Helge Sårheim fortel:

Dette biletet er teke 17. mai 1945 slik eg hugsar det fortalt av Magnhild, som eg voks opp med som nabo. Ho fortalde endå til at ho vart spurd om kva dei gjorde på/korleis dei feira denne første nasjonaldagen etter krigen. «Då gret vi», hadde ho svart. Det seier sitt om kor sterke kjensler det var av å få fridomen tilbake sjølv på Jølst, som ein må vel seie likevel slapp nokolunde rimeleg frå dei fem krigsåra.

Arild Bruflåt kommenterer:

«Vess dei gret den dagen, so bli da øje lett å forstå gutane som var på Bjørja å leika med sitt den 8. mai 1945. Plutseleg såg dei at presten flagga, dei skjønte ka so va på fere. So dei la til palings heimatte, over stu og stakje, nysådde åkra og «skamtrakka voksterleg gras». Med auå i ihågara reiv dei opp døra i heimen å roppte inn, «PRESTEN FLAGGA!»»



Synneva Wendelbo, Johanne Sårheim, Danhilda Erikstad, Kristina Øvrebo Fluge, Johanna Ålhus, Hanna Fluge Øvrebo, Magnhild Hegheim, Olianna Helgheim.

Dei fekk aldri nokon reaksjon på skamtrakkinga over åker og slåttemark. Til vanleg var vel det reine dødssynda.

Sigrid Kvammen fortel:

Sjur Kvammen (f. 1914) hadde vore eit ærend på Vassenden. Der hadde han fått høyre nyheita om at krigen som hadde vart i fem år, var over. Norge var igjen eit fritt land!

Han sykla heim til Svidalen det fortaste han kunne. Den første han trefte var Teodor Svidal (f.1904). Han dreiv med vårvinna og pløgde med to hestar. Sjur tok og løyste hes-

tane så dei fekk springe fritt. Dette var ikkje dagen for vårvinne.

Så måtte det heisast flagg. I mangel på flaggstong gjorde ein hesjestauro nytta, og flagget vart festa på den. Deretter klatra han opp på taket på huset til Teodor og festa «flaggstonga» der.

Freden måtte òg feirast med noko av det beste dei kunne kome på: Rømmegraut. Det var Sønnøve (Svidal) på Gjølå som fekk det oppdraget. Ho stod og gret og rorte i grauten, medan ho gjentok fleire gonger: «Er det sant, er det sant?»



Utegudsteneste på Dvergsdalsstøylen 2.pinsedag vart ei fin innegudsteneste.

I DENNE SPALTA tenkte vi at du kan skrive om eit dikt du likar. Skriv gjerne korleis du vart kjend med diktet, kvifor du likar det, om det påverkar deg på ein spesiell måte,

om du tykkjer det utfordrar deg, gjer deg glad, trist, eller gjer deg ettertenksam. Du kan sjølv velje om du vil presentere heile diktet eller berre nokre vers av det dersom

det er veldig langt. Så er det fint om du utfordrar nokon som kan presentere sitt dikt i neste nummer av bladet. (Legg ved eit bilete av deg sjølv.)



Møte med eit dikt

Eg er Reidun Støfring, busett saman med familien i Langhaugane og er midt i livet om eg blir hundre år. Arbeidslivet føregår på Teater Vestland som inspisient.



Reidun Støfring har valt seg eit dikt av Jakob Sande

Tekst: REIDUN STØFRING

Diktet eg har valt er Song til Vera (Då ho døydde.) av Jakob Sande. Det er denne songen eg syng i bilen når radioen ikkje byr på det eg vil høyre på, eller berre fordi eg har lyst. Det er også laga ein nydeleg tone til. For meg fungerer diktet som ei kalibrering, og det skakar litt i grunnvollane når eg tenker på tydinga.

Jakob Sande var ein meister i å iakttta samfunnet, og som ein soldat sat han konstant på post for å finne den riktige detaljrikdomen for å gjere ord til indre bilde. Vi humrar og ler, og vi blir slått i bakken av kjensler når vi ser for oss det vi les i dikta hans.

Dette diktet byr ikkje på humor. Denne gongen har det store hjartet hans for dei vanskelegstilte, gjort at han fann fram den rå og brutalt konfronterande diktaren i seg. Her er han den som dømmer tilbake. «Sjå kva liv de gav henne. Vera har det nok betre no når ho er død. Ein kan jo berre håpe.» Kanskje han sa det nokon tenkte, men ikkje torde seie? Samstundes er diktet ei skildring av livets siste fase som vakker, mild og full av håp. Det både startar og sluttar med det, og det er som han seier: «tanken din er fri, Vera, og døden

er din eigen». Vera vart aldri inkludert som eit medmenneske med ein eigen verdi.

Diktet får meg til å tenke på verdisett og dei basale behova for eit godt liv. Vi har alltid vore, og vil alltid vere på leit etter ein plass der livet gjev ei meining. For nokon er dette ei vanskelig reise. Bagasjen er ikkje lett, og det er tåke og fullt av ville vegar å velje. Då treng ein at samfunnet byr på varme for alle, og mest av alt dei med tung bagasje på ein tåkete blindveg. Vi treng alle å ta del, bli tatt med, ha eit mål og å høyre til. Eg tenker ofte på dei eg kjenner som er meisterleg gode på å inkludere. Mest av alt er eg imponert over dei som inkluderer andre som er veldig ulike dei sjølv. Dei som legg ekstra tid og krefter i å forsøke forstå den ein prøver å inkludere, og får det til. Det er ofte lettast å inkludere dei som passar inn i eige verdibilde, og klappe seg sjølv på skuldra av det. Eg trur på ei verd der det er om å gjere å vere meir som desse superinkluderarane. Diktet gjev eigentleg styrke med si enkle skildring av døden, håpet, og dei som ikkje gjorde det som var rett. Det klarnar tankane, og er ei kalibrering for kva som er viktig. Håpet om eit betre liv kan skje for slike som Vera, om ein vågar å seie frå i eit samfunn der dei på ein tåkete blindveg blir ståande aleine.

Song til Vera (Då ho døydde.)

Febertroytt kviler du,
panna di brenn,
døden nær smiler du,
tårorne renn.

Høyre du, drøymande,
klokkor som skjelv,
tonar som strøymande
susar frå kvelv?

Snart byrjar ferdi på
stjerneveg, du,
burt i frå verdi på
dødens bru.

Alltid på jord du gjekk
såra og bleik,
skalv for kvart ord du fekk,
hjelpelaus veik.

Alle fok hødde deg,
svara deg kaldt,
velsalt dei klødde deg
ofte du svalt.

Vera, snart hentar deg
englar frå sky,
Vera, no ventar deg
livsdagen ny.

Susande hagar, der
fuglesong stig,
smilande dagar, der
sol aldri sig.

Timen er slegen alt,
no skal du døy.
Er du på vegen alt,
smilande møy?

Jakob Sande.

I: Storm frå vest, 1931.



Saker som sokneråda i fellesskap har jobba med vinter/vår 2025

HILDEGUINN HUUS

- Det vert utarbeidd gudstenesteplanar for året som sokneråda godkjenner, i januar for 1. halvår 2025 og i juni for 2. halvår 2025.
- Konfirmantfest for konfirantar med føresette er planlagt og gjennomført.
- Kirkens nødhjelp sin fasteaksjon er ei sak ein har jobba med og gjennomført.
- Utlysing av prestestillinga har kravd ein del ressursar. Ein har lyst ut to gonger og er snart i ferd med å utlyse for tredje gong. Vi er likevel heldig som har ein god vikar i Geir Sørebo og andre.

- Kyrkjelydstur prøvar ein på igjen, då det har synt seg populært.
- Minnelund på gravplassane i Jølster er ei sak ein vil be Sunnfjord kyrkjelege fellesråd jobbe med for oss.
- Utvalet for trusopplæring jobbar med tilbod for oss alle, men mest for barn og unge.
- Vi har no tilsette som jobbar med dette, og det er vi glade for. Her er det spørsmål blant anna om sokna betalar eller eigenbetaling, og anna som sokneråda må ta stilling til.
- Kvar for seg lagar sokneråda årsmelding og budsjett, samt godkjenner rekneskap for året som har gått for soknet.

- Offertildelingar, og andre tilstellingar i kyrkjene.

Sunnfjord Kyrkjelege fellesråd har jobba med bl.a:

- Årsmelding, budsjett og økonomi, som krev mykje.
- Husleige, driftsbudsjett og investeringsbudsjett.
- Høyring til KA sin strategiplan.
- Kyrkjebevaringsfond, tildeling av midlar.
- Personalsaker.
- Ovanfor er teke med dei saker ein jobbar mest med. Så vil det alltid vere mindre spørsmål ein må ta stilling til.

FAGERT ER LANDET – MØT SALMEDIKTAREN ANDERS HOVDEN

Bli med på tur til Ørsta, oppvekstbygda til Anders Hovden og til Ivar Åsen-tunet. 100-års jubileum for Nynorsk Salmebok.

23. august vert det busstur frå Jølster til Ørsta. Der vitjar vi oppvekstmiljøet til salmediktaren og presten Anders Hovden, og vi reiser innom Ivar Åsen-tunet.

Tidlegare prest i Jølster Svein Kvamsdal skal kåsere og fortelje historia om Hovden. Hovden skreiv og gjendikta 128 salmar i Nynorsk Salmebok. Saman med Peter Hognestad og Bernt Støylen stod Hovden bak den første Nynorsk Salmebok som kom ut i 1925. Hovden skreiv i alt 250 salmar. Den mest kjende er vel «Fagert er Landet». Attende i denne tida var det dansk embetsspråk som rådde grunnen i kyrkjene. I Jølster heldt presten Christian Astrup på at ein «måtte bruke det sproget som Gud har givet oss». Som prest kom Anders Hovden i god kontakt med folket og vart etter kvart godt likt av kyrkjelyden. Han var folketalar framfor nokon. Men han møtte sterk motstand særskilt hos andre prestar, mot at han preika på Landsmål. Då han vart tilsett som prest i Ålesund, var kritikken så sterk at han slutta etter 14 dagar. Sjølv uttrykte han det slik, «eg var sokneprest i Ålesund i 14 dagar og tenkjer at det var just høveleg tid.»



Tidlegare prest i Jølster Svein Kvamsdal vil fortelje og kåsere om Anders Hovden undervegs på turen.

Bussavgang frå Firda Billag sin parkeringsplass på Skei kl. 07.30 laurdag 23. august.

Påmelding til Torill Øye på kyrjekontoret, tlf 57828180.

e-post: toril.oye@sunnfjordkyrkja.no

Astrid Feldt, tlf. 41684368

e-post, astridaafeldt@gmail.com

Steinar Dvergsdal



Ei uoffisiell altartavle!

Kyrkja i Jølster prøver å ha gudstenester på stader der noko føregår attåt gudstenesta. Til dømes held ein gudsteneste i Stardalen i samband med bygdenæringsdagane. Vi som var på gudsteneste der i år, fekk kjennskap til ei uoffisiell altartavle, som ikkje mange har sett, og som vart skapt for oss av prest Geir Sørebo.

Tekst og bilete: HILDEGUNN HUUS

Eg og dei som var med meg, tykte prest Geir Sørebo hadde ei spenstig utgreiing om bildet ein ser over, sett som ei altartavle. Difor synest eg at dei som ikkje var der, òg kan få litt innblikk i kor flink og fantasifull Geir Sørebo kan vere, når han står framfor eit bilde frå Stardalen, og uttrykker det som ei altartavle og får oss som kyrkjelyd plassert inn i altartavla.

Han sa det om lag slik: Når eg ser denne illustrasjonen, så minner det meg om Jordan-dalen med elva Jordan i dalbotnen, og

Jordan-elva munnar jo ut i Daudehavet (Jølstravatnet), då måtte vi jo tenke oss Jerusalem ein stad opp i fjellet på høgresa av dalen, Befringsdalen. (Jerusalem ca. 800 m over havet)

Ut frå denne samanlikninga må Stardalen vere Jeriko, som ligg på sletta nede ved elva, og der sat vi. Og rundt Jeriko er det eit fruktbart landskap, som det er i Stardalen.

Så då han tok til med preika, følte eg meg faktisk litt inne i bibelhistoria. Men det som fenga mest, var at ein prest kan gjere så mykje ut av eit alminneleg bilde.

Ein heil familie i sving på gudsteneste i Stardalen

Når ein har gudsteneste utanfor kyrkjene, kan ein ikkje ta med seg orgel. Men det finst andre tangentinstrument som kan nyttast. Ein får heller ikkje alltid med seg organist, for organist er ein knapp ressurs i dag.

Men vikarprest Geir Sørebo viste råd. Han har eit dugande barnebarn, Birk, som stilte som musikar på tangentinstrument og song til kyrkjelyden i staden for orgel, og det fungerte bra. Engel på 6 år stilte opp og song fint til oss utan musikk, men med god lyd ordna av Dagfred Befring, (ikkje ein av familien), og med Silje som taus støtte. Mannen til Silje, Erlend, var og med og drog i trådane. Vi skal vere glade for å ha ein slik familie i Jølster.





Samtalegudsteneste med konfirmantane

Siste søndag i april var det konfirmantane i Jølster som stod for heile gudstenesta. Då var det ikkje naudsynt for presten å seie noko. Konfirmantane stod for både preiking og bønner, synging og drama.

Tekst og foto: Silje Sørebb

Dei hadde til og med ein trommis, Olai Aardalsbakke Djupvik, som bidrog med å friske opp alle songane, og ein songar, Aksel Roko Eide, med vakre soloinnslag. I forkant

av samtalegudstenesta hadde konfirmantane laga kyrkjekunst i lag. Med inspirasjon både frå lokal vevkunst og kyrkjekunst i Egypt hadde dei fargelagt kvar sin liten kross som var sett saman til ein stor kross. Mønsteret kan minne om gamle mønster i vevde åkle frå Jølster eller iotakrossene som er ei gammal kunstform i den koptiske kyrkja i Egypt. Å måle ein iotakross kan vere ei form for bøn og meditasjon, der kvar farge i krossen representerer viktige sider ved det å vere menneske og den kristne tru. I denne gudstenesta snakka konfirmantane om ulike sider ved menneske-

livet og den kristne trua ut frå fargane i krossen. Det var både fint, alvorleg og morosamt å høyre konfirmantane sine refleksjonar om nestekjærleik, menneskeverd, grenser, natur, takksemd og gudsnærvar. Takk til dei kjekke konfirmantane i Jølster for gode refleksjonar, frimodig framføring, flott song og musikk og kjekk underhaldning ved konfirmantfesten etter gudstenesta! Og stor takk til sokneråd og fjorårskonfirmantforeldre for organisering av konfirmantfest for konfirmantar med familie!





Dugnad!

Vassenden kyrkjesenter er bygd og vert drive på dugnad. Gjennom fleire tiår har folk gått frå hus til hus og selt lodd, unge og eldre har laga gevinstar, og den eine komiteen har avløyst den andre for å laga årlege basarar, slik at dei kunne realisere »den draumen dei bar på»: ei kyrkje på Vassenden.

Tekst: INGER JOHANNE KLAKEGG,
Foto: INGER JOHANNE KLAKEGG OG
INGRID SØYLAND

Då det endeleg var klart for byggjeart, var ikkje dugnadsviljen mindre; nei, folk gjekk mann av husa, og alt som kunne gjerast på dugnad vart gjort, frå å plukke stein til å lage lampar og inventar. Så den dagen kyrkjesenteret stod ferdig, kjende bygdefolket at «dette er huset vårt».

Men det var ikkje nok å få huset opp, det skulle drivast òg. Det har vore mange arrangement i huset, og dei gjer seg ikkje sjølv. F.eks. minnestunder etter gravferd: Kor kjem den gode betasuppa frå? og dei store, gode bløtkakene? Kven vaskar dukane? «Skrellegjengen» blir innkalla med ujamne mellomrom, og med liv og lyst blir sekkar med poteter, gulrot, løk og kålrot skrelt og kutta opp i passande bitar. Kjøtt blir kokt og skore opp, og Harald blandar det heile til «den beste suppa nokon har smakt». Store, fine gode bløtkaker sørger Anna for. Dugnadsgjengen tek seg òg av servering og oppvask i høve minnestunder. Det er ingenting som gjer seg sjølv.

Etter kvart såg ein at eitt og anna kunne vore betre, litt meir praktisk, som for eksempel ei ramme med hjul under pianoet, slik at det blei lettare å flytte. Det fiksa Bjarne på eit blunk, og ikkje nok med det, det kom hjul under tralla til dukane, ja, til og med juletrefoten har fått hjul takk vere Bjarne. Siste prosjektet til no er nye lyshaldarar til globen i kyrkje-rommet.

Då heisen kom på plass, kom det dyktige snikkarar som stilte opp og ordna loftet.

Det blir også arrangert store dugnader ute og inne. Plenar blir raka, busker blir klipt og kratt blir fjerna, slaghol fylte. Folk møter med traktor, trillebår, river, grapsar og spadar – og godt humør.

Inne blir skuffer og skap rydda og vaska. Bord, sofaer og stolar blir vaska (berre spør Frode). Og vindauge blir vaska.

Dei som administrerer og har som oppgåve å be om hjelp, gjev signal om at dette er berre kjekt, for folk er så positive og seier ja, så sant dei kan. På siste dugnad no i mai møtte det 33 personar i alderen 14 til 87 år. Dei jobba i gjennomsnitt to timar kvar, så skulle ein person gjort dette aleine, ville det gått 1,5 arbeidsveke.

Men det er ikkje berre arbeid. Vi har sjølv sagt tid til kaffi, kaker og prat også – når arbeidet er unnagjort.

Mykje godt arbeid blir gjort av mange, mange frivillige, og slik håper vi det vil bli i framtida òg. Takk til alle som stiller opp for fellesskapet.





Brekke mannskor.

Songarstemne på Skei og korkonsert i Helgheim kyrkje

Helga 24.– 25. mai var det songarstemne på Skei. Elleve kor deltok og rundt 200 songarar sette sitt preg på bygda. Laurdag var det konsert på Thon partner Hotel Jølster, og søndag var det konsert i Helgheim kyrkje.

Tekst og foto: Hildegunn Huus

Det er flott med slike arrangement, både for dei som deltek, publikum og bygda. Under-teikna var på konserten i Helgheim kyrkje, og vil formidle litt av opplevinga i kyrkja. Med så mange songarar var kyrkja fullsett av både songarar og publikum.

Bilda som er tekne med, er tilfeldig plukka, for ein kan ikkje ha med alle. Det hadde vore flott om ein kunne presentert bilda med lyd - det kan vi ikkje i kyrkjebladet i alle fall, men ein kan fortelje at lyden var bra.

Det var ein allsidig og fin konsert med ei blanding av mannskor, damekor, blanda kor, store kor, små kor, og programmet var variert. Ein fekk salmar, songar, glorie. Til avslutning stod alle opp og song Fagert er landet.

Det er fint at kyrkja vert nytta til slike konsertar.



D-kor.



Skeivasskoret.

Jølster idrettslag på Holmenkollstafetten

Laurdag 10. mai 2025: Utanfor Oslo Sentralbanestasjon vrir det av grønkleddede personar i alle aldrar. Med stort og smått snakkar vi om 75 stk. Det er her dei har samla seg, deltakarane på dei fem laga frå Jølster som skal delta på Holmenkollstafetten - Norges desidert største idrettsarrangement.

Tekst og foto: JOHNNY SOLHEIMSNEIS

Dei ulike lagleiarane prøver å få oversikt, startnummer blir delt ut, og avtalar om korleis ein skal komme seg ut på dei ulike etappane blir gjort. Det er eit kontrollert «kaos». Etter ei stund er alle på veg til «sitt», og plassen er tom.

Søndag 9. mai 1982: 15 spente ungdommar frå Jølster er på veg opp til Bislett for å delta på den første Holmenkollstafetten i Jølster IL si historie. Vi var plasserte i pulje 3 i seniorklassen, i lag med 90 andre lag. Under teikna hadde 1. etappe, som var tre rundar på Bislett Stadion. Med så mange startande på same tid vart det litt av ein «kamp» for å halde seg på beina og få levert pinnen trygt vidare til nestemann. Men det gjekk bra, og utover i løpet avanserte vi lenger og lenger framover i feltet. På 7. etappe sprang Jens Ole Årdal oss opp i tet, og der vart vi verande. Stemninga var stor når vi kunne krysse mållinja på Bislett som puljevinnar. Totalt i seniorklassen vart vi nr. 56. Då var det gjort og gnisten var tent. Vi forstod at vesle



Årets deltakarar frå Jølster under Holmenkollstafetten andre helga i mai.

Jølster kunne hevde seg, og at vi ikkje behovde å stå med «lua i handa» for å seie det på den måten. Dei kommande åra avanserte vi lenger og lenger framover i klassen. Beste året var i 1989, då vi var «kun» 23 sekund frå å rykke opp i eliteklassen, klassen der dei 20 beste laga i landet er.

Utover 1990-talet gjekk resultatane og interessa litt tilbake, og på slutten av dette 10-året klarte vi ikkje å stille lag lenger. Men, i 2001 var vi tilbake igjen, med ei blanding av den gamle gjengen og ein del nye og unge løparar. Frå 2014 og utover hevda Jølster seg betre og betre, og vi såg konturane av det som etter kvart skulle bli eit storlag. I 2016 vann vi seniorklassen, og stort var det då Jølster i 2017 stilte i eliteklassen.

Vi rykka ned att same året, men i 2021 var vi tilbake igjen, og har sidan då vore der. I år vart vi 6. beste norske lag, og er med det den beste klubben utanom dei store bylaga. Innanfor løpsvingane er Jølster no det desidert beste laget frå Sogn og Fjordane, vi stilte altså med heile fem lag under årets stafett.

Korleis kom Jølster hit? Og kvifor klarar Jølster dette, når vi ser at dei andre laga rundt oss ikkje gjer det. Eg trur nokkelen ligg akkurat i Holmenkollstafetten. For etter første starten i 1982 vart turen til Oslo eit mål å trene mot. Å kvalifisere seg til Kollen-laget vart ein motivasjonsfaktor i seg sjølv, og gjorde til at fleire trena, og fleire trena meir. Det gjaldt ikkje minst dei «nest-beste». For med 15 etappar vart desse viktige for å i det heile klare å stille lag. Det heile er vorte ein tradisjon, og vi ser at neste generasjon til fleire av «pionerane» no er å finne på elitelaget. Eg trur også det er viktig å lage ei sosial røyme rundt turen, gjerne med felles middag, intern premieutdeling med vidare etter løpet.

Ein av tingane som gleder mest med årets stafett, er at vi klarte å stille damelag. Dette er andre gong i historia. Sist var i 1994. Eg håpar vi her kan sjå same effekt og utvikling som vi såg etter 1982, og at dette også etter kvart blir ein tradisjon. Men då er det, som for dei andre laga, viktig at nokon tek på seg arbeidet med organisering og motivering.

Avslutningsvis kan eg nemne at seks av dei som var med på 1982-laget deltek endå, no på veteranlaga. Det hadde vi aldri sett føre oss den gongen for 43 år sidan.



Jølster sitt lag til Holmenkollstafetten i 1985.



Påskesamlingar

Tekst: INGRID SØYLAND
Foto: STEINAR DVERGSDAL og
INGRID SØYLAND

AKTIVITETEN VAR STOR I PÅSKA:

Palmesøndag var det familiegudsteneste i Helgheim kyrkje, med palmeprosesjon og song ved andreklassingar. Så var det kvelds-



gudsteneste i kyrkjesenteret skjærtorsdag, gudsteneste i Ålhus kyrkje langfredag, dåpsgudsteneste på kyrkjesenteret påskeaftan, og høgtidsgudsteneste i Helgheim første påskedag. Andre påskedag var «heile bygda» invitert til samling på kyrkjesenteret, med aktivitetar for store og små. Silje hadde regien, og kunne presentere både Jølster barnespel, Vabaklubben og Torsdagsklubben. Dei stod for programmet; det var korsong og solosong, og det var dramatisering av Jesu oppstode. Gerd Sunde Førde dirigerte songen med stødig hand.

Så var det å finne påskeegga, som konfirmantane Nikolai og Sondre hadde lagt ut rundt kyrkjebygget. Det gjekk som det skulle – alle fann kvar sitt egg. Vi vaksne slapp å leite etter mat, vi gjekk i matsalen og laga oss velsmakande kveldsmat. Brød og pålegg, med kaffi og hyggeleg lag, er tingen!



Kyrkjebasaren på Vassenden 2025

Vi arrangerte den tradisjonelle kyrkjebasaren 30.mars. Resultatet vart rundt 75000,- kroner - imponerende!

Vi takkar basarnemnda, det positive arbeidslaget, for god jobb. Alle veit at det kjem loddsejarar på døra rundt dei tider, og vi er takksame for at de tar vel imot oss og kjøper lodd, at de gir gevinstar og at de kjem på basaren!

Mesteparten av inntekta kjem av loddssal i bygdene, og slik sett blir alle ein del av dugnaden.

Når de kjem oppom kyrkja, så kan de sjå at pengane er naudsynt og blir vel brukt, både ute og inne.

Takk igjen!

Inger Lind Aasen, leiar i basarnemnda



Er hodet ditt fullt med



Ring eller skriv.
Vi er her. Alltid.

22 40 00 40
soschat.no



SONGSTUND OG ANDAKT

Klokka 14.00 i stova på

**VASSENDEN
OMSORGSSENTER**



Komande samlingar

24. juni, 22. juli, 26. august

23. september

Alle er velkomne!

Helsing

fung. sokneprest Geir Sørebø
og organist Rune Molvik

SONGSTUND OG ANDAKT

Klokka 16.30 i stova på

SKEI OMSORGSSENTER



Komande samlingar

24. juni, 22. juli, 26. august

23. september

Alle er velkomne!

Helsing

fung. sokneprest Geir Sørebø
og organist Rune Molvik

Tidebøn og open kyrkje

VASSENDEN KYRKJESENTER

Kvar tysdag kl. 11.00,
unnateke dersom gravferd.

SPAR 
NETTBUTIKK
Alltid same pris
på nett som i butikk

VI HANDLAR FOR DEG!

Bestill på nettbutikk.spar.no
Hent varene ferdig pakka hos
SPAR Jølsterholmen eller
få dei levert på døra.



skei@audhild-viken.no
Tlf. 57 72 81 25



MASKINENTREPRENØR

Ottar Dvergsdal AS

6843 SKEI



EIN SMAK AV TRADISJON

frå Anne Grete og Hilde

Søgnasand • 6843 Skei
Tlf. 951 10 688 / 948 97 236



COOP MARKED VASSENDEN

Måndag–fredag: 8–20
Laurdag: 8–18

Tlf: 57 72 72 00
vassenden@marked.coop.no



COOP PRIX SKEI

Måndag–fredag: 8–22
Laurdag: 8–21

Tlf: 57 72 83 77
prix@coop.no

nordfjord SKIFER *Naturstein av høy kvalitet*

Tlf. 57 72 70 16 / 917 63 804



Avd Jølster • Vikavegen 104, 6843 Skei

TLF 57 72 63 60 / 916 56 542 • EPOST svein@vestlandgruppen.no



Tlf. 57 82 70 30 • fjordan.no • eirik@fjordan.no



Støringdal • Tlf. 951 46 531 • fjordamattunet.no



6847 Vassenden



www.jolsterbil.no Tlf. 57 72 68 90

VASSENDEN TAXI

mob. 482 10022

Drosje, rullestolbil og minibuss



Åsen & Øvrelid as

Tlf. 57 72 38 50



Hytter, bubilplasser, båter, kajaker, fiskeutstyr, mm.
Tlf 920 62 203 Mail: post@jolvassbu.no

MASKINENTREPRENØR
Jostein Sunde As
jostein-sunde.com

Graving Boring Sprenging Transport Steinmassar Kontainerutleige

post@jostein-sunde.com Tlf. 57 72 73 00

JØLSTER
BYGG OG INTERIØR

Tlf: 57 72 74 15 • www.jolsterbygg.no • Besøk oss på Facebook



Bilelaget AS

Erlend Slåtten

Slåtten Grind & Laft

**TRENG DU NOKON Å
SNAKKE MED?**

Nokre som ringer tenkjer på å ta sitt eige
liv, andre er usikre, einsame eller redde.
Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no

SOS
22 40 00 40

SOS
MELDING

SOS
CHAT





JUNI

SØNDAG 08.06. PINSEDAG
HELGHEIM KYRKJE
kl. 11:00 Høgtidsgudsteneste

MÅNDAG 09.06. 2. PINSEDAG
Dvergsdalsstøylen
kl. 11:00 Friluftsgudsteneste

SØNDAG 15.06. TREEININGSSØNDAG
Sanddalen grendahus
kl. 11:00 Gudsteneste

SØNDAG 22.06.
2. SØNDAG I TREEININGSTIDA
Friluftsgudsteneste:
Kjøsnesbogen kl. 11:00

SØNDAG 29.06.
3. SUNDAG I TREEININGSTIDA
Vassenden kyrkjesenter
kl. 11:00 Gudsteneste

JULI

SØNDAG 6.07:
4. SUNDAG I TREEININGSTIDA
Førde kyrkje kl. 11:00
Felles festivalgudsteneste for sokna i
Sunnfjord. Gudsteneste med deltaking
frå musikarar frå Førdefestivalen.

SØNDAG 13.07:
5. SUNDAG I TREEININGSTIDA
Helgheim kyrkje
kl. 14:00 Gudsteneste

SØNDAG 20.07:
6. SUNDAG I TREEININGSTIDA
Ålhus kyrkje
kl. 11:00 Gudsteneste

AUGUST

SØNDAG 03.08:
8. SUNDAG I TREEININGSTIDA
Helgheim kyrkje
kl. 11:00 Gudsteneste

SØNDAG 10.08:
9. SUNDAG I TREEININGSTIDA
Friluftsgudsteneste ved gapahuken mel-
lom gamle heimyrkeskulen (MOJO) og
Bjørkelia multisportanlegg (Vassenden)

SØNDAG 17.08:
10. SUNDAG I TREEININGSTIDA
Helgheim kyrkje
kl. 11:00 Song mot haust; gudsteneste
for alle genrasjonar.

SØNDAG 24.08:
11. SUNDAG I TREEININGSTIDA
Helgheim kyrkje
kl. 11:00 Gudsteneste med konfirmant-
presentasjon og 50-års konfirmant-
jubileum.

Ålhus kyrkje kl. 14:00
Gudsteneste med konfirmantpresenta-
sjon og 50-års konfirmantjubileum.

SEPTEMBER

SØNDAG 07.09:
13. SUNDAG I TREEININGSTIDA
Vassenden kyrkjesenter
kl. 11:00 Gudsteneste

SØNDAG 14.09: VINGARDSSUNDAGEN
Helgheim kyrkje
kl. 11:00 Gudsteneste

SØNDAG 28.09:
16. SUNDAG I TREEININGSTIDA
Skei kl. 11:00
Hausttakkefest på Speidarplassen på
Skei. Invitasjon til 5 åringer.

OKTOBER

SØNDAG 12.10:
16. SUNDAG I TREEININGSTIDA
Vassenden kyrkjesenter
kl. 11:00 Gudsteneste i høve jazz på
Jølst

SØNDAG 19.10:
19. SUNDAG I TREEININGSTIDA
Helgheim kyrkje
kl. 11:00 Familiegudsteneste. Utdeling
av bok til 4-åringar og 6-åringar i
Helgheim sokn

Vassenden kyrkjesenter
kl. 14:00 Familiegudsteneste med
utdeling av 4-års bok.

SØNDAG 19.10: BOTS- OG BEDEDAG
Helgheim kyrkje
kl. 11:00 Gudsteneste

Døypte



ÅLHUS SOKN

Ålhus kyrkje

01.06. Eivor Berg Jarning
01.06. Edvin Ask Fossheim

Vassenden kyrkjesenter

23.03. Sander Ripe Jakobsen
19.04. Isak Kvamme Hansen
19.04. Vetle Myhre Tveit
19.04. Frøya Heide Dahlby
19.04. Brede Thorsen Strømmen

HELGHEIM SOKN

Helgheim kyrkje

30.03. Tiril Kjøsnes Levorsen
20.04. Sakarias Beddari Sunde
20.04. Magnus Husevåg
Årdalsbakke
08.06. Linnea Steinsund
08.06. Viljar Heggheim
08.06. Håkon Støfring
08.06. Adrian Nydal

Vigde



ÅLHUS SOKN

Ålhus kyrkje

11.05.2025:
Ida Therese Sørli og
Vemund Sætenes Strømmen

HELGHEIM SOKN

Helgheim kyrkje

19.04.2025
Synnøve Dvergsdal og
Iben Andre Munkvold
07.06.2025
Ann-Helen Sunde Lundal og
Ørjan Horne Sundal

Gravferder



ÅLHUS SOKN

Ålhus kyrkje/Ålhus kyrkjegard

18.03.: Jon Øvrebø
21.03.: Oddmund Støylen
25.04.: Kjell S Kvammen
02.05.: Haldis Eva Svidal

HELGHEIM SOKN

Helgheim kyrkje/Helgheim kyrkjegard

27.03.: Odd Dvergsdal
28.03.: Magnhild Myklebust
24.04.: Kjellaug Øygard



Nye tårnagentar!

Rett frå skulen kom dei til Helgheim kyrkje, 22 spreke tredjeklassingar, klare til å bli årets tårnagentar. Der tok to solbrille- og svartkledde agentar imot dei: Silje og Gerd.

Tekst og bilete: INGRID SØYLAND

For å gjere seg fortent til tittelen tårnagent, måtte ungane gjennomføre fleire spennande oppdrag for dei fekk agentbevis. Deretter var det presentasjon og øving på tårnagentsongen, før nye oppgåver skulle løysast gjennom samarbeid i grupper.

Mat må til, og grilling ute i grindbygget vart ei stormfull

oppleving: Kraftig vestavind og like kraftig regn på tvers! Bølgene gjekk med kvite toppar innover Jolstravatnet. Men agentane heldt stand utan å klage, og deretter vart hovudoppdraget presentert: Fjernkontrollen til kyrkjeklokkene var borte vekk! Korleis skulle kyrkja ringe inn til pinsegudsteneste med fire

dåpsbarn, utan kyrkjeklokker? Grundig, systematisk leiting måtte til. Heile kyrkja vart teken i bruk, til og med ein tur opp i tårnet. Det var fleire trapper opp, litt spennande, kaldt, og ganske høgt! Der venta Karen Elise, som fortalde om dei tre klokkene som var oppbevart der.

Med godt mot og samarbeid kom fjernkontrollen til rette att, og dagen vart avslutta med at alle fargela og klippte ut kvar si due, som skulle pryde kyrkja under pinsegudstenesta. Til slutt tende alle lys i lysgloben og mottok vel-signinga.